

Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

F-sak 23/15 Protokoll frå fellesrådsmøte 8. desember 2015.

Desse møtte: Torbjørn Støylen, Irene Hørte Høibakk, Trygve Ebbesvik, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Svein Runde, Anne Karin Watters og Arild Sporsheim.

Meldt forfall:

F-sak 17/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 18/15 Protokoll frå Fellesrådsmøte 24. september 2015

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 19/15 Konstituering

Skrifteleg val av leiar og nestleiar.

Vedtak:

Val av leiar: Torbjørn Støylen fikk 3 røyster og Trygve Ebbesvik fikk 3 røyster.
Ved likt røystetal gav dette grunnlag for trekking.
Resultat: Trygve Ebbesvik.


Val av nestleiar: Torbjørn Støylen fikk 5 røyster og May Lisbeth Hovlid Aurdal fikk 1 røyst.
Resultat: Torbjørn Støylen

F-sak 20/15 Val til administrasjonsutval

Kyrkjeleg administrasjonsutval skal ha minst 3 medlemmer av og frå fellesrådet.

Vedtak:

Jamfør reglement for kyrkjeleg administrasjonsutval vart fellesrådets leiar og nestleiar vald som medlemmar i administrasjonsutvalet. Medlem nummer 3 vart vald skriftleg. Svein Runde fikk 5 røyster og May Lisbeth Hovlid Aurdal fikk 1 røyst. Resultat: Svein Runde.



Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Postboks 161

6239 Sykkylven

F-sak 21/15 Budsjettgjennomgang

Kyrkjeverjen orienterte om tilhøva.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

F-sak 22/15 Retekking av taket på Ikornnes kyrkje.

Kyrkjeverjen orienterte om innhenta tilbod frå ein aktør. Dette basert på synfaring med hovudhensikt om å vurdere behovet. Med bakgrunn i kort tidshorisont før dette møtet, fare for vasslekkasje som følgje av issmelting, gode erfaringar med aktuell leverandør og lovnad om utført arbeid innan kort tid, gav kyrkjeverjen råd om å vedta tilbodet frå Brenne Entreprenør AS. Tilbodet omhandlar hovudtaket til Ikornnes kyrkje, ikkje sidetak over våpenhuset og kontordel.

Vedtak:

Fellesrådet vedtok å iverksette retekking av hovudtaket på Ikornnes kyrkje, utført av Brenne Entreprenør AS. Fellesrådet oppmodar kyrkjeverjen til å innhente fleire anbod ved seinare høve.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

Orienteringar:

- Kommunal ramme 2016
- Tilsetting av ny Trusopplæringskoordinator
- Oppussing av kyrkjekjellaren i Ikornnes kyrkje
- Utsifting av lysdimmarane, og pærene, i Sykkylven kyrkje
- Oppgradering av styringsautomatikken for klokkeringinga i Sykkylven kyrkje
- Oppsetting av lysstolpe ved kapellinngangen

Neste møte: Februar 2016 (9.?)

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar